



Innst. 121 S

(2015–2016)

Innstilling til Stortinget frå kommunal- og forvaltningskomiteen

Prop. 23 S (2015–2016), kap. 5613

Innstilling frå kommunal- og forvaltningskomiteen om endringar i statsbudsjettet 2015 under Nærings- og fiskeridepartementet

Til Stortinget

1. Samandrag

1.1 Innleiing

I proposisjonen legg Nærings- og fiskeridepartementet fram endringsforslag på statsbudsjettet 2015.

1.2 Endringsforslag

Kap. 5613 Renter frå Siva SF

POST 80 RENTER

Det blir i proposisjonen vist til at som følge av rentestrukturen på statspapira til dei nye låna som Siva har tatt opp i 2015, er det grunnlag for å redusere renteinntektsløyvinga med 4,2 mill. kroner.

På dette grunnlaget gjer departementet i proposisjonen framlegg om å redusere løyvinga med 4,2 mill. kroner, frå 27,5 til 23,3 mill. kroner.

2. Merknader frå komiteen

Komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Jan Bøhler, Stine Renate Håheim, Stein Erik Lauvås, Helga Pedersen og Eirin Sund, frå Høgre, Frank J. Jenssen, Mudassar Kapur, Bjørn Lødemel og Ingjerd Schou, frå Framstegspartiet, Mazyar Keshvari og leiaren Helge André Njåstad, frå Kristeleg Folkeparti, Geir Sigbjørn Toskedal, frå Senterpartiet, Heidi Greni, frå Venstre, André N. Skjelstad, og frå Sosialistisk Venstreparti, Karin Andersen, handsamar i innstillinga budsjettkapittel 5613 og har elles ingen merknader.

3. Tilråding frå komiteen

Komiteen har elles ingen merknader, viser til proposisjonen og rår Stortinget til å gjere følgjande

v e d t a k :

I statsbudsjettet for 2015 blir det gjort følgjande endringar:

Kap.	Post	Formål	Kroner
Inntekter			
5613		Renter frå Siva SF	
	80	Renter, blir redusert med frå kr 27 500 000 til kr 23 300 000	4 200 000

Oslo, i kommunal- og forvaltningskomiteen, den 7. desember 2015

Helge André Njåstad

leiar og ordførar